

Vågå Historielag: Årsmelding 2022

Arrangement

Historielaget har i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Det var kveldsseto kvar onsdagskveld heile sommaren. Trond Ole Haug prata om folkemusikkbyga Vågå i samband med at dette var tema i sommarutstilling. Rasmus Kjørstad hadde folkemusikkonsert, medan Kristin Akslen Hagen tok fram musikk og anna frå det rikhaldige arkivet. Kjell Løkken viste bildet etter Gunvor Alberg, og Jakup Skjedsvoll prata om arkeologiske utgravingar i Gudbrandsdalen. Gunnar Sandbo viste postkort etter Hanna Resvoll, Resvollsystemene var også tema i sommarutstillinga i låven i Ullinsvin.

På hausten fortalde redaktør i Årbok for Gudbrandsdalen Geir Beitrusten om årboka som er 90 år og om ståtarkongar (bygdavektarar). Morten Wangen prata om boka si „Fiskevatn utanom allfarveg“. Vågå historielag har gjeve ut boka „Sætrene i Vågå“ med lansering på kveldsseto der Knut Raastad fortalde om boka. Fyrste delen av året vart det ikkje arrangert kveldsseto p.g.a. pandemien og at det pågjekk restaurering av kjøkkenet, men på årsmøtet vart det sett på gamle kart og kva dei viser av gamle ferdselsveggar og råk til fjells.

Jutulheimen

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planleggjing og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB er kjøkkenet i Øyastugu fullrestaurert, svært mykje er gjort på dugnad. Det er i året motteke kr 50000 i gåveforsterking frå kulturdepartementet. Tak på purkehuset og kvernhuset er gjort ferdig. Dette og ein del småvedlikehald er utført på dugnad.

Prestgarden

Låven og fjøset har vore brukt til utstillingar, dette omfattar også fjøstrevet og toppetasjen av låven. Delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget som har stor aktivitet der. Paktarhuset har vore brukt til kafe. Kommunen er hovudaksjonær i aksjeselskapet Galleri Ullinsvin AS, historielaget og husflidslaget har mindre eigardelar. Det er Galleri Ullinsvin AS som har stått for drift av galleri og kafe, medan Gudbrandsdalsmusea har utstillingar i fjøset og på toppen av låven. Ullinsvin hadde svært mange besøkjande dette året. Det er etablert eit samarbeidsuval for Ullinsvin for alle aktørane der, det var dette som arrangerte julemesse med utstillingar og aktivitetar med godt besøk. Samarbeidsutvalet arrangerte også markdag i Griningsdalen.

Prestgardshågein

Hagegruppa i historielaget er organisert slik at ansvar for stell, lusing, vatning mm. er fordelt for kvar veke. Hagen har fungert godt som ein del av tilbodet i Ullinsvin saman med utstillingane. Kari Hølmo Holen (leiar), Magnhild Råstad og Ågot Råstad har leinga av hagegruppa. Ei eige utomhusgruppe har stått for plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet i Ullinsvin og Jutulheimen, Jens Hagen er leiar for desse.

Ullinsvin AS

Det heileigde selskapet Ullinsvin AS er eigar av nybygget i prestgarden. Kjellaren husar museumsmagasin og arkiv. Gudbrandsdalsmusea AS står for drifta av magasinet. Galleri Ullinsvin AS brukar utstillingsbygget. Ullinsvin AS har same styre som historielaget. Det er i året støypt platning framfor inngangen og utført ein del el-arbeid.

Laget elles

Frå årsmøtet 20. april 2022 har styre vore dette:

styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Valde Aasheim,
styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Steinar Løkken og Elin Hestdal Grev,
varamedlemmar Ola Andvord Stokstad, Jens Hagen og Ågot Råstad.

Det har i året vore 9 styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.

Revisorar er Astrid Sandbu og Gunnar Sandbo.

Valnemnd er Live Hosar, Reidunn Snerle og Jakup Skjedsvoll.

Trond Ole Haug er styremedlem i Gudbrandsdalsmusea as.

Jens Hagen er styremedlem i Galleri Ullinsvin AS.

Historielaget er medlem i Gudbrandsdal historielag Dølaringen, Knut Raastad er revisor der.

Nils Valde styrer heimesida *vaaga-historielag.org* og skannar og legg ut innsamla gamle bilete. På heimesida er det ei mappe med gards- og slektshistorie.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er skriftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2022.



Nytt kjøkken i Jutulheimen.